



Alle føresette

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/271 - 16/5519

Saksbehandlar:

Kristin Smith

kristin.smith@radoy.kommune.no

Dato:

22.04.2016

Foreldre info april-16

Uteområdet:

Barnehagen har fått tildelt ressursar for å oppgradera uteområdet ved hovedbygget. Me har i lengre tid hatt vanskar med vatn som renn frå skogen og dreg med seg sand og jord. Dermed vert kommene våre fort tette, og det minkar på t.d. sand i «trappa» til skogen. Dette fører igjen til bl.a. oversvømmingar og «høge trappetrinn».

Me er klar over at uteområdet ved Solhall / Solstrålen og er slitt, me arbeider med å få gjort noko der og.

Ei oppgradering er difor kjærkommen. Men det medfører gjerne litt ekstra arbeid i fasen undervegs. Det skal drenerast frå skogen, og lagast ein mur. Me skal få ny og betre sandkasse, med ny sand. Og på ønskjelista ein del nye leikeapparat, som me håpar på å få gjennomslag på. Dei me har er godt slitt.

I denne prosessen må me omorganisera oss litt. Uteområdet oppe vert stengt av, slik ar born og maskiner ikkje går i vegen for kvarandre.

Løysinga er at me må gå meir på tur, nytta grønålen el andre nærliggjande ute områder. Elles vil uteområdet på nedsida av bygget være der ein primært er.

Det er dermed og litt utfordringar i høve til soving, då ein del born har sove der ein no må leike i utetida / sovetida. Men me finn løysingar!

Dette var meint som ei orientering og forklaring på kvar de kan finna borna dykkar ved henting, om de skulle være i tvil.

Ferie:

Me har fått ein del spørsmål som gjer at me tenkjer det kan være greitt med ei oppklaring: Borna **må ta tre veker samanhengande** ferie i dei sommarvekene som vert presentert. Den fjerde veka kan takast valfritt gjennom heile året, men det er ingenting i vegen for at ein kan ta denne i samanheng med dei andre tre.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

Eit lite hjartesukk frå personalet til slutt:

Barnehagen har opningstid frå kl. 7.00 til 16.30. Det vil sei at dørene opnar og stenger til desse tidspunkta. Vær vennleg å ha respekt for personalet si arbeidstid. Dei er gjerne på plass før 7.00 , for gjere seg og avdelinga klar til oppstart.

Likeeins på slutten av dagen, når arbeidsdagen er slutt kl. 16.30 har ein gjerne andre planar ein skal nå. Det er forståeleg for at ein kan ha lang reise og arbeidstid som kan passe därleg med opningstidene til barnehagen. Men prøv då å gjer hentinga rask, og tenk over kva ein brukar tid på.

Med helsing

Kristin Smith

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alle føresette